



Målform: nynorsk

Eksamen (5 timar)

3. juni 2015, kl. 09.00-14.00

Oppgavesettet består av tre delar (A, B, C) med spørsmål frå ulike delar av pensumet for emne 3, Språkleg fordjuping, slik det er spesifisert i studieplanen. Du skal svare på to sjølvvalde oppgåvedelar. Begge oppgavesvara skal vere på nynorsk. Begge oppgåvedelane må vurderast til bestått.

Hjelpemiddel:

Norsk-norsk ordliste/ordbok (utan egne merknader/markeringar)

Svar på to av dei følgjande tre oppgåvedelane.

OPPGÅVEDEL A – Nynorsk som sidemål:

Bakgrunn: I Læreplan i norsk – kompetansemål etter 7. årstrinn, skriftleg kommunikasjon og språk, litteratur og kultur, står det blant anna at målet for opplæringa er at eleven skal kunne

- eksperimentere med skrivning av enkle tekstar på sidemål
- gje døme på nokre likskapar og forskjellar mellom munnleg og skriftleg språk
- samanlikne språk og språkbruk i tekstar på bokmål og nynorsk
- samanlikne talemål i eige miljø med nokre andre talemålsvariantar og med dei skriftlege målformene bokmål og nynorsk
- gje døme på og reflektere over korleis språk kan uttrykkje og skape haldningar til enkeltindivid og grupper av menneske

Oppgåve: Skisser eit undervisningsopplegg for 7. trinn der nynorsk er sidemålet, og du tek omsyn til dei relevante kompetansemåla i læreplanen. Gje konkrete døme som viser noko av det du meiner elevane bør meistre.

OPPGÅVEDEL B – Grammatisk terminologi:

Bakgrunn: I Læreplan i norsk – kompetansemål etter 7. årstrinn, munnleg kommunikasjon, skriftleg kommunikasjon og språk, litteratur og kultur, står det blant anna at målet for opplæringa er at eleven skal kunne

- uttrykkje seg med eit variert ordforråd tilpassa kommunikasjonssituasjonen
- referere, summere opp og reflektere over hovudmoment i ein tekst
- meistre sentrale reglar i formverk og ortografi og skrive tekstar med variert setningsbygging og funksjonell teiknsetjing
- gje tilbakemelding på andre sine tekstar ut frå faglege kriterium og omarbeide eigne tekstar på bakgrunn av tilbakemeldingar
- gje døme på noen likskapar og forskjellar mellom munnleg og skriftleg språk

Oppgåve: Forklar følgjande omgrep frå grammatikken til ein elev på 7. trinn (gje døme og diskuter gjerne enkelte av omgrepa):

1 ord, 2 ordform, 3 leksem, 4 morfem, 5 bøyning, 6 rot, 7 stamme, 8 avleiing, 9 samansetjing, 10 særskrivning, 11 rettskriving, 12 ortografi, 13 ortofoni, 14 normering, 15 morfologi, 16 syntaks, 17 leksikalsk morfem, 18 grammatisk morfem, 19 preteritum, 20 teiknsetjing

OPPGÅVEDEL C - Setningsanalyse:

Bakgrunn: I Læreplan i norsk – kompetansemål etter 7. årstrinn, skriftleg kommunikasjon og står det blant anna at målet for opplæringa er at eleven skal kunne

- meistre sentrale reglar i formverk og ortografi og skrive tekstar med variert setningsbygging og funksjonell teiknsetjing
- gje tilbakemelding på andre sine tekstar ut frå faglege kriterium og omarbeide eigne tekstar på bakgrunn av tilbakemeldingar
- utføre grunnleggjande setningsanalyse og vise korleis tekstar er bygde opp ved hjelp av omgrep frå grammatikk og tekstkunnskap

Oppgåve: Forklar følgjande omgrep frå setningsanalysen til ein elev på 7. trinn (gje døme):

1 ytring, 2 setning, 3 setningsledd, 4 frase, 5 kjerne, 6 subjekt, 7 objekt, 8 predikativ, 9 adverbial, 10 leddsetning

Plasser følgjande setning i eit feltskjema og forklar feltskjema, flytteprøva og erstatningsprøva til ein elev på 7. trinn:

Etter fullført eksamen vil studentane endeleg vere kompetente norsklærarar.